

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

I Innkalling til møte i Kontrollutval - Førde kommune

Utval: Kontrollutval - Førde kommune
Møtedato: 16.10.2012
Møtetid: 09.00
Stad: Jølstra
Møtenr.: 6/2012

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.

Melding til: Ordfører(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlemer
(Varamedlemer møter berre etter nærmare innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: post@sekom.no eller tlf. 951 39 762.

SAKLISTE

- 032/12 Godkjenning innkalling og sakliste
- 033/12 Skriv og Meldingar.
- 034/12 Plan for forvaltningsrevisjon – Førde kommune.
- 035/12 Plan for selskapskontroll – Førde kommune.
- 036/12 Oppfølgingsliste 6-2012 Førde.
- 037/12 Eventuelt.

Førde, 05.10.2012.

Anne Lise Bekjorden(s)
(Leiar)


Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

032/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 05.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.10.2012	032/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

033/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 05.10.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.10.2012	033/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 24-12: Referat frå prosjektstyringsgruppa, den 13.06.2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



Førde kommune
Administrasjon

SM 24-12

Formannskapet

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
John Hjelkrem
Tlf. 57722045

Vår referanse:
12/2186-1-JSH-036

Dato:
03.09.2012

Referat frå møte i prosjektstyringsgruppa 13.06.12

Til stades:

Inger Beth Fosse, Kari Sygna, Odd Harry Strømsli, Arve Hornnes, Erlend Lien, Fredrik Frøiland, Kjell Herstad, Magne Reidar Førde, Asbjørn Etterlid, Ole John Østenstad, Håkon Fimland, Lise Mari Haugen og Helge Sæterdal

Prosjektregneskap som vert lagt fram i september 2012;

- Omsorgsbustadar ved Helsetunet 2010
- Halbrend skule – nybygg/rehab/ombygging
- Sunde oppvekstsenter 2010

Prosjekt som er avslutta og skal ut av lista;

- Forebygging/ gangveg Elvevegen
- Sunde – Farsund bru, omlegging VA-leidning
- Leirdalen KP 252, kloakkpumpestasjon
- Driftsovervåking VA-grendaskulane → midlar flytta til Holsen skule reinseanlegg kloakk
- Helsetunet restarbeid
- Kommunal bygg 2011

2003/00067 1	Øyrane renseanlegg, kloakk	Ansvar:	Einvald Osland/ Magne Reidar Førde
Framdrift/ status:	<p>Arbeidet med RA 200 slutført i tråd med kontrakter og avtaler om sluttoppgjør for dei einskilde entreprisene. Prosjektrekneskapen er avslutta og godkjent av revisjon. Her står att mindre utbetningsarbeid, som nokre entreprenører er i ferd med å slutføre.</p> <p>Drifta hittil har avdekka manglar og sviktande løysingar i anlegget</p> <ul style="list-style-type: none"> - Luktjerningsanlegget fungerer ikkje tilfredstillande - Automatisering av flotasjonslinjene - Registrering og loggføring av driftsdata. <p>Utbetaling og komplettering av desse anlegga er nødvendig for å oppnå tilfredstillane teknisk, økonomisk og akkreditert drift av renseanlegget. Planlegging og kostnadsrekning av dette arbeidet pågår, og mindre utbetningar er iverksett. Kostnadene her kjem i tillegg til uteståande krav.</p>		
Økonomi:	Pr. dato står att ca 190 000,- til utbetaling		
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap
142 / 1053	35001 Øyrane renseanlegg, kloakk	kr 79 960 000	kr 84 800 090
			Rest kr (4 840 090)
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving	
BY 84/97	Årsbudsjett 1998	kr	4 120 000
BY 057/99	Årsbudsjett 2000	kr	500 000
BY 082/04	Årsbudsjett 2005	kr	20 000 000
BY 089/06	Årsbudsjett 2007	kr	10 000 000
BY 082/07	Årsbudsjett 2008	kr	45 340 000
		kr	79 960 000
BY 021/07	Avløpsreinsanlegg Førde by - forprosjekt/finansiering		
Handsaming AMU	Nei: Ja: x	Sak nr. 006/10	
2003/00198 0	Elvegården, omlegging hovudkloakk	Ansvar:	Arve Hornes
Framdrift/ status:	<p>Utførde arbeid er avslutta. Avtale med F. Hjelmeland utgår. Før eventuell oppstart må vi få avtale med F.Hjelmeland og dei resterande grunneigarar. Vi sender ut brev med teikningar til F. Hjelmeland i første omgang.</p>		
Økonomi:			
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap
150 / 1143	35334 Elvegården - omlegging hovudkloakk	kr 2 450 000	kr 750 000
		kr 2 450 000	kr 750 000
			Rest kr 1 700 000
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving	
Form 60/05 (hastep)	Elvegården - overbygging hovudkloakk ka	kr	750 000
BY 071/08	Årsbudsjett 2009	kr	1 700 000
		kr	2 450 000

Jrn	Førde Vassverk, UV-anlegg 2009		Ansvar:		Arve Hornnes
Framdrift/ status:	Anlegget er montert og sett i drift. Eksisterande nødstrømsagregatet er oppgradert. Det er montert UPS som skal hindre driftsavbrudd når straumen går til nødstaumsagregatet får starta opp. Det er montert inn vaskestasjon for kvartsglassa grunna tilslamming som gjev driftsproblem. Kranbana er ombygd, sertifisering ferdig. IKT Håndbok for vassverket skal reviderast.				
Økonomi:	I samsvar med budsjett				
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap	Rest	
353 / 1107	Førde vassverk - UV anlegg	kr 2 500 000	kr 2 457 900	kr	42 100
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving			
BY 071/08	Årsbudsjett 2009	kr 2 500 000			
		kr 2 500 000			
Jrn	Vieåsen fortau		Ansvar:		Arve Hornnes
Framdrift/ status:	Anlegget er ferdigstilt, utanom busslommane og gjerde langs Myratunet. Gjerde langs Myratunet er under montering. Sluttoppgjer med entreprenør er ferdig med unntak av ein faktura som ikkje er utbetalt. Viderefakturering til tomteselskapet etter sluttoppgjør med entreprenør er utført. Samarbeidsprosjekt med Førde Tomteselskap.				
Økonomi:	Innanfor totalbudsjett, men busslommar er ikkje bygde.				
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap	Rest	
201 /1059	Vieåsen fortau	kr 2 200 000	kr 1 919 800	kr	280 200
201 /1059	Vieåsen busslommer	kr -	kr -	kr	-
		kr 2 200 000	kr -	kr	-
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving			
BY 082/07	Årsbudsjett 2008 (fortau)	kr 600 000			
BY 071/08	Årsbudsjett 2009 (fortau)	kr 900 000			
BY 071/08	Årsbudsjett 2009 (busslommer)	kr 700 000			
		kr 2 200 000			

Jrn	Sunde - Farsund bru, omlegging VA ledninger	Ansvar:	Arve Hornnes
Framdrift/ status:	Omlegging av dei kommunale ledningane er ferdig. Sluttoppgjør med entreprenør ferdig, manglar noko dokumentasjon. Søknad frå Sunnfjord Energi as for løyve til å ha el. kablar lagde over dei kommunale VA-ledningane manglar.		
Økonomi:	Innanfor budsjett		
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap
371 / 1073	Sunde -Farsund bru, omlegging vassleidn.	kr 930 000	kr 892 500
375 / 1075	Sunde -Farsund bru, omlegging avløpsleidn.	kr 930 000	kr 892 500
		kr 1 860 000	kr 1 785 000
			kr 37 500
			kr 37 500
			kr 75 000
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving	
BY 066/09	Årsbudsjett 2010	kr 930 000	
BY 066/09	Årsbudsjett 2010	kr 930 000	
		kr 1 860 000	
Jrn	Meierikvartalet-veg/gangveg/fortau 2009	Ansvar:	Arve Hornnes
Framdrift/ status:	Prosjekteringsarbeidet er ferdig. Prosjektet har vore ute på anbod og vi er inne i forhandlingane med tilbydarane. Arbeid mot fylkesvegen i Storehagen og rundt kunstmuseeumet blir prioritert. Anleggstart i sommar. Planlagd ferdigstilling til våren 2013.		
Økonomi:	Utbyggingsavtale med Futurum, vart behandla i Bystyret den 30.09.10. Skjønn med grunneigarane er utført. Lage budsjettendring når prisane frå anboda klare.		
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap
352 / 1079	Meierikvartalet-veg/gangveg/fortau 2009		kr 5 816 600
			-kr 5 816 600
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving	
	Utbyggingsavtale med Futurum		
Jrn	Leirdalen KP 252, kloakkpumpestasjon	Ansvar:	Arve Hornnes
Framdrift/ status:	Pumpestasjonen er montert og sett i drift. Det er utført overtaking/ferdigbefaring frå leverandør til teknisk drift. Frådeling/kartforetning/oppmåling og oppgjør for areal er ferdig.		
Økonomi:	Innafor budsjett		
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap
208 / 1061	Leirdalen KP 252, kloakkpumpestasjon	kr 1 650 000	kr 1 467 600
			kr 182 400
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving	
BY 854/05	Årsbudsjett 2006	kr 1 300 000	
BY 071/08	Årsbudsjett 2009	kr 350 000	
		kr 1 650 000	
		000	

Jrn	Hafstad (bydel) vest, vassleiding	Ansvar:	Namn
Framdrift/status:	Prosjektering er ferdig, og konkuransgrunnlag er snart klart og blir sendt ut før ferien, med anbudsfrist i slutten av august. Samarbeidsprosjekt der Førde Tomteselskap står for prosjektering av vegen. Planlagt ferdig til våren.		
Økonomi:	Innanfor budsjett		
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap
1211		kr 900 000	kr -
			Rest
			kr 900 000
Vedtaksnr.:	Sakstittel	Løyving	
BY 066/11	Årsbudsjett 2012	kr 900 000	

Jrn	Hafstad vest, kloakkpumpestasjon KP 253	Ansvar:	Arve Hornnes
Framdrift/status:	Prosjektering og anbudsutlysning starta så snart leidningsanlegget for Hafstad bydel er ferdig prosjektert.		
Økonomi:			
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap
199	35337 Hafstad vest, kloakkpumpest.KP 253	kr 1 600 000	kr -
			Rest
			kr 1 600 000
Vedtaksnr.:	Sakstittel	Løyving	
BY 073/03	Årsbudsjett 2004	kr 800 000	
BY 089/06	Årsbudsjett 2007	kr 800 000	
		kr 1 600 000	

Anlegg som er finansiert, men ikkje oppstarta

Jrn	Farsund-Kusslia, kloakkleiding	Ansvar:	Arve Hornnes
Framdrift/status:			
Økonomi:			
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap
244	Farsund - Kusslia, kloakkleiding	kr 1 500 000	kr -
			Rest
			kr 1 500 000
Vedtaksnr.:	Sakstittel	Løyving	
BY 071/08	Årsbudsjett 2009	kr 1 500 000	
		kr 1 500 000	

Jrn	Leidningskart avløp, Førde	Ansvar:	Asbjørn Etterlid	
Framdrift/ status:				
Økonomi:				
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap	Rest
318	35335 Leidningskart avløp, Førde	kr 200 000	kr -	kr 200 000
Vedtaksnr.:	Sakstittel	Løyving		
BY 059/02	Årsbudsjett 2003	kr 200 000		
		kr 200 000		

Jrn	Rassikring Ulltangvik	Ansvar:	Asbjørn Etterlid		
Framdrift/ status:	Fjellboltingen, betongmur og div lausmasse sikring er ferdig . Rest arbeid med gravemaskin for ca. kr 40000 gjennstår				
Økonomi:					
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap	Rest	
1117	Rassikring Ulltangvik	kr 700 000	kr 170 189	kr	529 811
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving			
BY 067/10	Årsbudsjett 2011	kr 700 000			
Jrn	Trafikktryggleikstiltak	Ansvar:	Asbjørn Etterlid		
Framdrift/ status:	I 2011 søker kommunen om ASV-midler til tiltak i Angedalsvegen og gatelys Gamle Vievegen. Det er nå gitt midlar frå Statens vegvesen til desse tiltaka i henhold til søknad Tiltak i Angedalsvgen venter på flytting av koblingskap og flyting av kablar. Gatelys i Gamle Vievegen er montert.				
Økonomi:					
	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap	Rest	
342/1148	Eigenandel trafikktryggleiksmidler 2009	kr 500 000		kr	500 000
386/1154	Eigenandel trafikktryggleikstiltak	kr 500 000		kr	500 000
1095	Eigenandel trafikktryggleiksmidler - 2011	kr 848 750		kr	848 750
1208	Eigenandel trafikktryggleiksmidler - 2012	kr 500 000		kr	500 000
	Bundne fondsmidler - spes 7710	kr 420 000	kr 139 008	kr	280 992
1225	Vegkryss Kyrkjevegen/ Angedalsvegen	kr 151 250		kr	151 250
		kr 2 920 000	kr 139 008	kr	2 780 992
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving			
BY 041/10	Trafikktryggleiksplan	kr 1 000 000			
BY 066/09	Årsbudsjett 2010	kr 500 000			
BY 067/10	Årsbudsjett 2011	kr 500 000			
	Mottekne trafikktryggleiksmidler 2011	kr 420 000			
BY 066/11	Årsbudsjett 2012	kr 500 000			
		kr 2 920 000			

Undervisning

Jrn	Førde Ungdomsskule - 2011	Ansvar:	Tore Gjelsvik
Framdrift/ status:	Arbeid som skal utførast er rehabilitering av klasserom og aula i A-fløy, endring inngangsparti, rehabilitering av sløydsal og opparbeiding av ekstrarom for multifunksjonshemma, samt noko teknisk oppgradering av teknisk rom. Byggmester Stølsvik er vald til totalentreprenør, og tilbudssummen er innanfor budsjett. Etter ynskje frå entreprenøren starta arbeidet i veke 10. Framdriftsplanen er akseptert av skulen. Prosjektet er lagt fram for HVO på skulen som ikkje har merknader, og vidare vil Arbeidsmiljøutvalet bli orientert. Arbeida som skal gjerast inkluderer ikkje tiltak som skal handsamast av Arbeidstilsynet. Oppdatering 12.6.12: Arbeidet ligg omlag 1 veke etter framdriftsplanen, men i følgje entreprenøren vil ein likevel rekke fristen 12.8.12.		
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap
1093	Førde ungdomsskule 2011	kr 6 553 423	kr 4 243 424
			Rest
			kr 2 309 999
Vedtaksnr.:	Saktittel	Løyving	
BY 067/10	Budsjett 2011	kr 6 100 000	
BY 041/11	Prosjektrekneskap	kr 453 423	
		kr 6 553 423	
2006/00192	Halbrend skule-nybygg/rehab/ombygging	Ansvar:	Stema v/Arnstein Myklebust
1			
Framdrift/ status:	Prosjekt er ferdig.		
Økonomi:	Prosjektrekneskap er under utarbeiding. Vert lagt fram som eiga sak for Bystyret.		
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap
221/1063	Halbrend skule-nybygg/rehab/omb.	kr 77 500 000	kr 77 338 316
			Rest
			kr 161 684 000
Vedtaksnr.:	Saktittel	Løyving	
BY 063/07	Halbrend skule, rehab og utbygging	kr 500 000	
BY 082/08	Årsbudsjett 2008	kr 22 000 000	
BY 071/08	Årsbudsjett 2009	kr 28 000 000	
BY 035/09	Halbrend skule. Rehab. og utbygg.	kr 13 500 000	
FO 025/11	Budsjettendring investeringsprosjekt	kr 9 500 000	
BY 054/11	Budsjettendring investeringsprosjekt	kr 4 000 000	
		kr 77 500 000	
Jrn	Flatene skule - bytte tak på gymsal	Ansvar:	Fredrik Frøiland
Framdrift/ status:	Løysing er valt i samarbeid med NBI. FDV lagar nødvendig underlag. Arbeid med underlag og anbud er starta nå. Dette arbeidet er planlagt lagt ut på anbud på våren 2012		
Økonomi:			
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap
281/1172	Flatene skule - bytte tak	kr 800 000	kr 13 725
			Rest
			kr 786 275
Vedtaksnr.:	Saktittel	Løyving	
BY 027/07	Budsjett 2007 - tilleggsløyving/nye ..	kr 800 000	

Jrn	Barnehage Ytre Hafstad - restarbeid		Ansvar:		Fredrik Frøiland
Framdrift/ status:	Gjenstående arbeider er utført, men FDV dokumentasjon er ikke overlevert byggh. 1. Årsbefaring blir tatt før fellesferien og rest utestående blir betalt ut når FDV dok. er overlevert prosjektleiar. Iflg. entreprenør er FDV dokumentasjonen ferdig. Her gjenstår nå bare litt beplantning som skjerming mot veg. Dette er planlagt i mai.				
Økonomi:	kto 25399700/8016 kr 750.000,- ubundne innv. Fond				
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap	Rest	
1174	Barnehage Ytre Hafstad - restarbeid	kr 750 000	kr 618 034	kr	131 966
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving			
By 076/10	Prosjektrekneskap Ytre Hafstad Barnehage	kr	750 000		
	SUM	kr	750 000		
Jrn	Solsida barnehage (Haugum)		Ansvar:		Fredrik Frøiland
Framdrift/ status:	Ventilasjon SD og elektro er prosjekt og kostnadskalkulert. Skisseprosjekt er teikna. Gjenstår kalkyle for bygningsarbeid. Etter møte med styrar ønska styrar fleire endringa og arbeid med desse pågår.				
Økonomi:					
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap	Rest	
1091		kr 5 000 000	kr 21 513	kr	4 978 487
		kr 5 000 000	kr 21 513	kr	4 978 487
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving			
BY 067/10	Årsbudsjett 2011	kr	5 000 000		
		kr	5 000 000		
Jrn	Solsida barnehage (Tåene)		Ansvar:		Fredrik Frøiland
Framdrift/ status:	Prosjektering er prioritert etter at Haugum er prosjektert ferdig.				
Økonomi:					
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap	Rest	
1092		kr 4 500 000	kr -	kr	4 500 000
		kr 4 500 000	kr -	kr	4 500 000
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving			
BY 067/10	Årsbudsjett 2011	kr	4 500 000		
		kr	4 500 000		

Kultur			
Jrn	Festplassen og utescene i Førde	Ansvar:	Fredrik Frøiland
Framdrift/ status:	Prosjekt Byparken bru er ferdigstilt. Medan prosjekt festplassen og utescene pågår. Det vert framlagt sak for politisk handsaming før utsending av anbud. Utescene er teikna og planlagt.		
Økonomi:	Innanfor ramma.		
Prosjektnr.:		Budsjett totalt	Rekneskap
1009	Festplassen og utescene i Førde	kr 4 400 000	kr 453 855
			kr 3 946 145
		kr 4 400 000	kr 453 855
			kr 3 946 145
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving	Forslag øk.plan 13-16
BY 082/07	Årsbudsjett 2008	kr 4 400 000	kr 3 500 000
	INU-midlar	kr -	kr 2 000 000
		kr 4 400 000	kr 5 500 000
Oppgradering Førdehuset - restarbeid			
Jrn		Ansvar:	Håkon Fimland
Framdrift/ status:	Stolleverandørar kjem etter påske 2012 for å justere avstand og høgde på stolrader. Flygelet er sendt til Tyskland for fullstendig rehabilitering.		
Økonomi:	Iflg budsjett.		
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap
1230	Oppgradering Førdehuset restarbeid	kr 1 000 000	kr 241 331
		kr 1 000 000	kr 241 331
			kr 758 669
			kr 758 669
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving	
BY 040/11	Prosjektrekneskap	kr 1 000 000	
		kr 1 000 000	
Kunstmuseet			
Jrn		Ansvar:	Håkon Fimland
Framdrift/ status:	Fylkeskommunen er byggherre. Ferdigstilling sommaren 2012. Opning 8. september 2012.		
Økonomi:	Førde kommune sin andel inn i prosjektet er 19 mill kr. Fylkeskommunen og staten har og løyvd midlar.		
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap
214/1125	Sogn og Fjordane Kunstmuseum	kr 19 000 000	kr 349 000
			kr 18 651 000
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving	
BY 058/05	Sogn og Fjordane Kunstmuseum	kr 300 000	
BY 089/06	Årsbudsjett 2007	kr 5 000 000	
BY 082/07	Årsbudsjett 2008	kr 5 500 000	
BY 071/08	Årsbudsjett 2009	kr 3 000 000	
BY 081/10	S&Fj Kunstmuseum-utvida kostnadsramme	kr 5 200 000	
		kr 19 000 000	

Framdrift/status: Prosjekt er i oppstartsfasen. Vurderer ulike tiltak.

Økonomi:

Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap	Rest
1202	Sentral driftsstyring	kr 2 000 000	kr 77 500	kr 1 922 500

Vedtaksnr.:	Sakstittel	Løyving
BY 066/11	Årsbudsjett 2012	kr 2 000 000

10/1000	Førde rådhus - kunstprosjekt	Ansvar:		Håkon Fimland
Framdrift/ status:	August 2012 er det klart kva kunstnar som skal utsmykke rådhuset.			
Økonomi:	I samsvar med budsjett			
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap	Rest
1212	Førde Rådhus - kunstprosjekt	kr 2 500 000	kr 76 424	kr 2 423 576
			kr 93 091	
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving		
BY 001/11	Førde rådhus	kr 2 000 000		
	Tilskot frå KORO	kr 500 000		
		kr 2 500 000		
10/215	Bystien 2010	Ansvar:		Lise Mari Haugen
Framdrift/ status:	Fullstendig avtale med grunneigar er ikkje inngått. Ekspropriasjon er vedteken og skjønnsbegjæring sendt. Fylkesmannen har godkjent å ta grunnen i bruk før skjønn er halde. Arbeidet er starta opp. Magne Søggen v/Førde Tomteselskap er prosjektleiar. Det er søkt om omregulering av traseen. Plansaka ligg ute til offentlig ettersyn.			
Økonomi:	Innanfor budsjett			
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap	Rest
413/ 1108	Bystien 2010	kr 9 060 000	kr 2 273 998	kr 6 786 002
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving		
By 008/10	Stiftinga Bystien - Førde k. som byggherre	kr 9 060 000		
10/215	Skrivarløa - investering	Ansvar:		Håkon Fimland
Framdrift/ status:	Endringa er ferdigtegna og byggemeldt. Kalkulering for ombygging pågår og er planlagt utført våren 2012. Valgt løysing viser ett overforbruk og vi ser på enklare tiltak for å hindre dette.			
Økonomi:	Innanfor budsjett			
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap	Rest
1221	Skrivarløa - investering 2011	kr 350 000	kr 126 970	kr 223 030
Vedtaksnr:	Sakstittel	Løyving		
BY 054/11	2. Teritalrapport	kr 350 000		

Jrn	Idrettspark Hafstad (grunnkjøp)	Ansvar:	Ole John Østenstad/ Inger Beth Fosse	
Framdrift/ status:	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ga i sitt vedtak 01.12.2011, samtykke til førehandsovertaking av grunn og naudsynte rettar frå gnr 61, bnr 7,8 og 389, i samband med gjennomføring av reguleringsplan for Hafstad bydel, på vilkår av at Førde kommune betaler forskot, til grunneigar Jon Flom (389) med kr 340 000. Det var naudsynt å gjennomføre fylkesmannens vedtak (gjeldende gbnr 61/389- Jon Flom) ved tvangforretning. Namsmannen i Førde gjennomførte transgråvikelsesforretning 09.03.2012, sjå sak 08/1684 dok 61. Kr 340000 vart 12.03.2012 betalt ut, sjå sakas dok 62. Førde kommune har nå tilgang til arealet.			
Økonomi:				
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap	Rest
299 / 1078	Idrettspark Hafstad	kr 3 300 000	kr 930 489	kr 2 369 511
Vedtaksnr.:	Sakstittel	Løyving		
BY 082/07	Årsbudsjett 2008	kr 3 300 000		
Jrn	Hafstad idrettspark	Ansvar:	Håkon Fimland/Fredrik Frøiland	
Framdrift/ status:	Samarbeidsavtale mellom Førde Idrettslag og Førde kommune vedteken i Førde Bystyre 16.06.2011. Oppstart prosjekt mars 2012. Anslått ferdigstilling 2013. Tilkomstveg startar 09.12.11.			
Økonomi:				
Prosjektnr.:	Prosjekt	Budsjett totalt	Rekneskap	Rest
1196	Hafstad idrettspark	kr 3 000 000	kr 340 000	kr 2 660 000
Vedtaksnr.:	Sakstittel	Løyving		
By 066/11	Årsbudsjett 2012	kr 3 000 000		
Skissert finansiering	Løyving			
:	INU-midler	kr	7 500 000	
	Sparebanken Sogn og Fjordan	kr	8 000 000	
	Andre (gåver)	kr	10 000 000	
	Eigenkapital/ dugnad	kr	4 500 000	
	MVA	kr	10 000 000	
	Trond Mohn	kr	10 000 000	
	Spelemidler	kr	10 000 000	
	Fylkeskommunen	kr	15 000 000	
	Eigenkapital (infrastruktur)	kr	25 000 000	
		kr	100 000 000	

034/12 PLAN FORVALTINGSREVISJON – FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 05.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.10.2012	034/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 - 2015 – Førde kommune, datert juni 2012.
- Oversikt over tilsyn, kontrollar og kommunebesøk i 2012 frå Fylkesmannen, datert 21.06.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Dokumentet «Overordna analyse for Førde kommune» med vedlegg, datert 07.09.2012.

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 028/12 «Overordna analyse – Førde kommune»

Kontrollutvalssak 041/11 «Overordna analyse»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Førde kommune for perioden 2012 – 2015.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
 - 1.
 - 2.
 - 3.
 - 4.
 - 5.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:

PLAN FORVALTINGSREVISJON – FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal leggjast fram plan for forvaltningsrevisjon for kommunestyreperioden 2012 – 2015.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgang altså innan 31.12.2012. Bystyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *”Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd.”*

I kontrollutvalssak 014/11 ”Overordna analyse”, vedtok kontrollutvalet at det vart tinga overordna analyse frå KRYSS-revisjon..

I kontrollutvalsmøte 07.09.2012 i sak 028/12 ”Overordna analyse – Førde kommune” vart overordna analyse presentert av KRYSS-revisjon. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i.
- Sikring og bruk av kunst.
- KOSTRA- til hjelp og planlegging og styring.
- Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.
- «SUM»/Sunnfjord Miljøverk IKS.
- Evaluering av NN samarbeid.

- Tidsriktig rapportering til politisk nivå?
- Budsjettprosess / fordeling av ressursar.
- Korrekt handsaming av din sak?
- Oppfølging av vedtak i Førde kommune.
- Organisering av legeordninga.
- Sjukefråværet – årsak og samanhengar.
- Økonomistyring.
- Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområder.
- Vurdere IT-IKT-samarbeid.

Fylkesmannen sin plan for tilsyn i 2012 er også henta inn. Planen ligg ved. Planen syner at det skal vere tilsyn om «Tilsyn etter barnehagelova», «Sosiale tenester i NAV», «Lov om pasient- og brukarrettar», «Beredskap og samfunnstryggleik» og «Krisesentertilbod», «Oppfølging av rusmiddelavhengige» og «Beredskap for samfunnstryggleik» i 2012.

På grunnlag av overordna analyse skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltingsrevisjon som det skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 4 – 6 prosjekt frå dei forslaga som ligg ovanfor, eller evt. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggjast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagte utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 – 2015.

Sekretariatet sine vurderingar:

Plan for forvaltingsrevisjon

Førde kommune

2012 -2015



Førde kommune
- Ei drivkraft med menneska i sentrum

Innhold:

1. Innleiing
2. Prioritering

INNLEIING

1.0 Bakgrunn

I kommunelova § 77 pkt. 4 står det at kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltinga føregår i samsvar med gjeldande reglar og vedtak, og at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå bystyret sine vedtak og føresetnader (forvaltningsrevisjon).

Forskrift om kontrollutval § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkekommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

1.1. Kontrollutvalet si rolle

Kontrollutvalet ynskjer å medvirke til fornuftig ressursbruk og god forvaltning i kommunen, og ser forvaltningsrevisjon som eit verkemiddel til å oppnå dette. Bystyret har det øvste ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon, og kan gje instruksar om kva prosjekt om forvaltningsrevisjon som skal setjast i verk. Kontrollutvalet har ei tingarrolle overfor revisor i høve til forvaltningsrevisjonen som skal utførast.

1.2 Tidsperspektiv

Kravet i forskrifta er at planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utarbeidd minimum ein gong i laupet av valperioden. Kontrollutvalet ser det ikkje som naudsynt å leggje planen fram for bystyret oftare med mindre det oppstår situasjonar i perioden planen gjeld for som gjer at kontrollutvalet finn dette føremålstenleg. Denne planen omhandlar prioriteringar og arbeid for perioden 2012 – 2015 eller fram til det vert laga ein ny plan.

1.3 Overordna analyse

Kontrollutvalet vil jobbe aktivt med å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på ulike område. Dette vil kunne skje gjennom ein dialog mellom kontrollutval, administrasjon, revisor og andre. Dette vil vere ein laupande prosess. Det er utarbeidd ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegskapsvurderingar. Analysen gjennomført av KRYSS-revisjon. Analysen er hovudgrunnlaget for prioriteringane i denne planen.

Føremålet med analysen har vore å framskaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen, slik at det i planen for forvaltningsrevisjon vert mogeleg å prioritere mellom ulike område der slike revisjonar vil vere aktuelle. Målet er å avdekke indikasjonar på avvik eller veikskap i forvaltinga sett i høve til lover, forskrifter og bystyret sine vedtak og føresetnader.

1.4 Definisjon av forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er i kommunelova § 77, nr. 4 definert som ”..systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå bystyret sine vedtak og føresetnader.”

Innhaldet i forvaltningsrevisjonen er ytterlegare utdjupa i forskrift om revisjon § 7, første ledd:

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå bystyretsine vedtak og føresetnader. Under dette om

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med bystyret sine vedtak og føresetnader*
- b) *ressursbruken og verkemidla til forvaltninga er effektive i høve til måla som er sett på området*
- c) *regelverket vert etterlevd*
- d) *styringsverktøya og verkemidla til forvaltninga er føremålstenlege.*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarar med offentlege utgreiingskrav*
- f) *resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med bystyret sine føresetnader og/eller om resultat for verksemda er nådd.*

Opplistinga er ikkje uttømmande.

PRIORITERINGAR

2.1 Generelt

Omfanget av forvaltningsrevisjon er avhengig av identifiserte behov og dei ressursar som vert stilte til rådvelde for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmande, og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Han må sjåast på som eit verktøy til å gjere ei prioritering av område/tema som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon. Konkret formulering av prosjektet må ein kome attende til når tingingsdokument skal utformast.

2.2 Prioriterte område for forvaltningsrevisjon i perioden

Kontrollutvalet har med bakgrunn i overordna analyse og i det som er nemnt over vurdert følgjande område som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.

Det kan tenkjast at kontrollutvalet gjennom sitt laupande arbeid vert kjent med tilhøve som etter utvalet si vurdering bør gjerast gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet ber bystyret om å få høve til eventuelt å gjere omprioriteringar av framlagde plan / setje i gong forvaltningsrevisjon der dette vert vurdert som naudsynt. Resultat av slike eventuelle forvaltningsrevisjonar vil bli rapportert til bystyret etter gjeldande retningsliner.

2.3. Rapportering av gjennomførte prosjekt

Kontrollutvalet vil laupande rapportere til bystyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde. I samsvar med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde og om resultatane av desse. Kontrollutvalet vil oppfylle rapporteringskravet enten ved å sende rapportane vidare til bystyret for handsaming, eller ved å sende dei til kommunestyret som meldingssak. Det vil også bli opplyst om gjennomførte prosjekt og prosjekt under arbeid i kontrollutvalet si årsmelding til bystyret. Vidare er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at bystyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon vert følgde opp.

Oversikt over tilsyn, kontrollar og kommunebesøk i 2012**Oppdatert plan pr 21.06.2012**

Utdanningsavd Kommune/målgruppe	Beredskap Tidspunkt	Helse-, sosial og justisavd Tiltak / område	Landbruksavd Kontaktperson hjå Fylkesmannen
Førde kommune	15.02.2012	Tilsyn etter barnehageleva	Berit Rygg
Flora kommune	16.02.2012	Tilsyn etter barnehageleva	Bodhild Therese Cirotzki
Luster kommune	05.03.2012	Produksjonstilskot og regionalt miljøprogram	Helen Haaland
Luster kommune	15. - 16. 02.2012	Felles nasjonalt tilsyn etter opplæringslova kap 9A	Helge Pedersen
Hafslo barne- og ungdom skule og Luster ungdom skule			
Naustdal kommune	28. 02 - 01.03.2012	Systemrevisjon barnevern	Siv Bianca Kjosås
Aurland/ Lærdal kommune (interkommunal teneste)	06.03. - 08.03.2012	Systemrevisjon barnevern	Siv Bianca Kjosås
Sogndal kommune	08.03.2012	Tilsyn etter barnehageleva	Berit Rygg
Vik kommune	21.03.2012	Felles nasjonalt tilsyn etter opplæringslova kap 9A	Frans Jacob Krebs
Flatbygd skule			
Balestrand kommune	22.03.2012	Felles nasjonalt tilsyn etter opplæringslova kap 9A	Frans Jacob Krebs
Sagatun skule			
Balestrand og Høyanger kommune	27.03.2012	Nærings- og miljøtiltak i skogbruket	Helen Haaland
Selje kommune	28.03.-30.03	Systemrevisjon barnevern	Line Pedersen Døsen
Stryn, Hornindal og Gloppen. Møtestad Stryn	29. mars	Felles kommunemøte	Marit Lunde

Førde kommune	11.04.-12.04. 2012	Landsomfattande tilsyn 2012. Sosiale tenester i Nav	Elisabeth Lund-Iversen
Eid kommune	26.04.-27.04 2012	Landsomfattande tilsyn 2012. Sosiale tenester i Nav	Elisabeth Lund-Iversen
Bremanger kommune	18.04.-19.04.2012	Lov om pasient- og brukarrettar kap 4	Beate Tollefsen
Stryn kommune	25.04.-26.04.2012	Lov om pasient- og brukarrettar kap 4	Beate Tollefsen
Solund kommune	25.04.2012	Felles nasjonalt tilsyn etter opplæringslova kap 9A	Helge Pedersen
Hardbakke skule/ Solund ungdom skule			
Solund kommune	02.05.2012	Produksjonstilskot og regionalt miljøprogram	Helen Haaland
Gulen kommune	26.04.2012	Felles nasjonalt tilsyn etter opplæringslova kap 9A	Helge Pedersen
Brekke skule			
Bremanger kommune	15.05.2012	Tilsyn etter barnehagelova	Bodhild Therese Cirotzki
Gloppen kommune	15.05.2012	Regionalt miljøprogram og spesielle miljøtiltak i jordbruket	Helen Haaland
Vågsøy kommune	22.08.-23.08.2012	Oppfølging av rusmiddelavhengige	Astrid Tveit
Høyanger kommune	07.06.-08.06.2012	Oppfølging av rusmiddelavhengige	Astrid Tveit
Gloppen kommune	14.06.-15.06.2012	Oppfølging av rusmiddelavhengige	Astrid Tveit
Årdal kommune	12.09.-13.09.2012	Landsomfattande tilsyn 2012. Sosiale tenester i Nav	Elisabeth Lund-Iversen
Førde kommune	29.08.-30.08.2012	Lov om pasient- og brukarrettar kap 4	Beate Tollefsen

Solund kommune	22.08.-23.08.2012	Lov om pasient- og brukarrettar kap 4	Beate Tollefsen
Flora kommune	28.08.-29.08.2012	Landsomfattande tilsyn 2012. Sosiale tenester i Nav	Siv Bianca Kjosås
Solund kommune	03.09.2012	Barnehagelova §§ 1,2,10,11,16,17,18,19	Berit Rygg
Jølster, Førde, Naustdal og Gaular	04.09.2012	Felles kommunemøte	Marit Lunde
Hyllestad kommune	04.09.2012	Barnehagelova §§ 1,2,10,11,16,17,18,19	Bodhild Therese Cirotzki
Førde kommune	18.09.2012	Beredskap og samfunnstryggleik	Tore Sønnesyn
Flora kommune	20.09.2012	Beredskap og samfunnstryggleik	Tore Sønnesyn
Sogndal kommune	11.09.2012	Nærings- og miljøtiltak i skogbruket	Helen Haaland
Fjaler kommune	veke 40	Barnehagelova §§ 1,2,10,11,16,17,18,19	Bodhild Therese Cirotzki
Gloppen kommune	16.10.2012	Beredskap og samfunnstryggleik	Tore Sønnesyn
Fjaler kommune	18.10.2012	Beredskap og samfunnstryggleik	Tore Sønnesyn
Høyanger kommune	31.10.2012	Beredskap og samfunnstryggleik	Tore Sønnesyn
Gaular kommune	16.10.2012	Produksjonstilskot og regionalt miljøprogram	Helen Haaland
Høyanger, Flora og Årdal kommune	mai.12	Kommuneundersøking. Naturmangfaldlova kap 2 og ureiningsforskrifta kap 2	Torunn Hønsi
Seije, Vågsøy Eid	06.11.2012	Felles kommunemøte	Marit Lunde

Vik kommune	Veke 45	Barnehagelova §§ 1,2,10,11,16,17,18,19	Bodhild Therese Cirotzki
3 kommunar		Opplæringslova kap. 4a Vaksenopplæring, dokumenttilsyn	Frans Jacob Krebs
Bremanger, Flora og Askvoll	Utsett til 2013	Felles kommunemøte	Marit Lunde
Alle kommunane	2012	Krisesentertilbod (sjølvmeldingstilsyn)	Hanne Skei Veum
4 kommunar	UTSETT	Helsestasjonsteneste for dei minste	Bjørge Eikum Tang

035/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.10.2012	35/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Dokumentet "Plan for selskapskontroll Førde kommune 2012 – 2015" med vedlegg.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

BY-028/11 Eigarmelding 2011 -2012

Oversikt over IKS og AS Førde kommune eig eller er medeigar i

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Planen for selskapskontroll i Førde kommune for perioden 2012 – 2015 vert godkjent.

Kontrollutvalet si tilråding til bystyret:

Saksutgreiing

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal lagast plan for kontroll av selskap Førde kommune eig 100% av eller er medeigar i for valperioden 2012 – 2015.

Saksopplysningar:

Det vert vist til utkast til plan for selskapskontroll for Førde kommune for utfyllande opplysningar.

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, skal det lagast plan for selskapskontroll for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, altså innan 31.12.2012. Bystyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Selskapskontroll kan delast i to kategoriar:

1. Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med bystyret sine vedtak og føresetnader.
2. Forvaltningsrevisjon inneber å gå inn i selskapet å sjå på økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad av vedtak og føresetnader.
3. Kommunelova § 80 gjev også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkingar. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontroll er etter § 77 pkt. 5 i kommunelova obligatorisk for alle selskap kommunen er medeigar i sjølv om desse ikkje er 100% kommunalt eigde.

Kva selskap ein kan gjennomføre forvaltningsrevisjon i avgrensar seg i §80 i kommunelova ved at kontrollutvalet og kommunen sin revisor berre har innsynsrett i selskap som er 100% kommunalt eigde. Det er likevel ikkje til hinder at ein kan be ikkje kommunale eigarar om å få innsynsrett. I aksjeselskap der den kommunale eigardelen er 2/3 eller meir, kan dei kommunale eigarane gjennom vedtektsendring opne for fullt innsyn.

Kontrollutvalet skal i denne saka gje innstilling om plan for selskapskontroll. Bystyret gjer vedtak etter innstillinga frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar:

PLAN
FOR
SELSKAPSKONTROLL



Førde kommune
- Ei drivkraft med menneska i sentrum

INNHALDSLISTE

- 1. Bakgrunn**
- 2. Innholdet i selskapskontrollen**
 - Heimel
 - Innsynsrett
 - Kva består selskapskontroll i
 - Organisasjonsformer for kommunale verksemder
 - Kommunale føretak
 - Interkommunalt samarbeid
 - Interkommunalt samarbeid, eige rettssubjekt
 - Vertskommunesamarbeid
 - Interkommunalt selskap
 - Aksjeselskap(AS)
 - AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar
 - Samvirkeforetak ((SA)
 - Stifting
 - Val av organisasjonsform
- 3. Formålet med selskapskontroll**
 - Eigarskapskontroll
 - Forvaltningsrevisjon
 - Undersøkingar
- 4. Kommunen si oppfølging av selskap**
 - Eigarskapsstrategi for selskap Førde kommune eig eller er medeigar i.
- 5. Gjennomføring, rapportering og oppfølging av kontrollen**
 - Gjennomføring – retningsliner
 - Rapportering
 - Oppfølging

Vedlegg:

- 1. Oversikt over kommunen sine engasjement i selskap og samarbeid.**
- 2. Bystyresak 028/11 Eigarmelding 2011 - 2012**

1. Bakgrunn

Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga forskrifter om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Kommunal og regionaldepartementet har i Prop. 119 L foreslått ein del endringar i kommunelova som også omfattar kontroll med selskap. Endringsforslaga er innarbeida i plandokumentet.

2. Innhaldet i selskapskontrollen

Heimel

Heimel for selskapskontroll er kommuneloven (KL) § 77 nr 5, som fastset at kontrollutvalet skal «påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) inererer i selskaper m.m., jf tilsvarende formulering i § 13 første lekk i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (FK). Etter § 13 andre lekk skal det «minst ein gang i valperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert». Tredje ledd fastset at kommunestyret vedtek planen.

Innsynsrett

KF § 13 må sjåast i samanheng med KL § 80 som regulerer kontrollutvalet og den som utfører selskapskontrollen sin innsynsrett i selskap. Kommunal- og regionaldepartementet har foreslått endring i § 80 og den vil då lyde slik:

« I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6, i interkommunale styrer etter § 27 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer,, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets og revisors kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet og herunder fastsette hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor.

Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.»


Kva består selskapskontroll i

Selskapskontroll kan delast i tre delar, eigarskapskontroll (obligatorisk), forvaltningsrevisjon (frivillig) og undersøkingar (frivillig).

Selskapskontroll (kommuneloven § 77 nr. 5)	Obligatorisk eigarskapskontroll: Kontroll med forvaltinga av kommunens eigarinteresser i selskap.
	Valfri forvaltningsrevisjon: Systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader.
	Undersøkingar Kommunelova § 80 gir også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkinga. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Figur 1: Modell som viser kva som inngår i omgrepet selskapskontroll

I figuren under er skissert ein modell for selskapskontroll:



Figur 2: Modell for selskapskontroll

Organisasjonsformer for kommunale verksemdar

Det kan vere ulike **grunnar** til at kommunar opprettar eller går inn i selskap:

- effektivisering av drifta
- klarare ansvarsforhold
- trong for å samarbeide med andre om tenesteproduksjon
- investering med tanke på økonomisk profitt
- investering pga. samfunnsansvar (for eksempel å sikre arbeidsplassar) og/eller for å støtte den tradisjonelle etatsordninga.

Organisasjonsform, lovheimel m.m:

1. **Kommunale føretak.** *KL kap 11.*

Er eit forvaltningsorgan. Kommunen kan avgjere at utvalde tenestområde kan organiserast som kommunalt føretak. Føretaket er framleis ein del av kommunen. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7.

2. **Interkommunalt samarbeid.** *KL § 27.*

Er eit forvaltningsorgan. To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7, dersom det ikkje er eige rettssubjekt.

3. **Interkommunalt samarbeid.** *KL § 27. Eige rettssubjekt*

To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Samarbeidsavtale/vedtektene seier kva fullmakter styret har. Kommunen er eigar og styret eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon). Kontrollutvalet har fullt innsyn eller KL. § 80 (etter forslag om endring i kommuneloven).

4. **Vertskommunesamarbeid.** *KL §§ 28a, 28b og 28c.*

Er eit forvaltningsorgan. Ein kommune overlet utføringa av lovpålagde oppgåver til ein vertskommune. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7 (Gjeld vertskommunen).

5. **Interkommunalt selskap (IKS).** *IKS- loven.*

Dette er eit eige rettssubjekt som er regulert av IKS-lova. Eit IKS er eit selskap der berre kommunen kan delta, men det er rettsleg og økonomisk åtskild frå deltakarkommunane. Kommunen er eigar. Representantskapet er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

6. **Aksjeselskap (AS)** – heileigd av kommunale aktørar og. *Aksjeloven.*

Er eige rettssubjekt. Kommunen er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

7. AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar. Aksjeloven og allmennaksjeloven.

Er eige rettssubjekt.

Kommunen og private aktørar er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontrollen kan omfatte eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

8. Samvirkeforetak (SA). Samvirkeoven.

Er eige rettssubjekt. Samvirkeforetaket er ei samanslutning med hovudføre mål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmene ved at desse deltek i verksemda til føretaket, som forbrukarar, leverandørar eller liknande.

Medlemene er eigarar. Årsmøtet er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll (eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn).

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

9. Stifting. Stiftelsesoven.

Eige rettssubjekt. Med stifting blir det foreslått at ein formuesverdi er stilt til rådvelde for eit bestemt føremål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art. Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formuesverdien som er overført stiftinga.

Det er ingen eigarar. Stiftingar er sjølveigande.

Kontrollutvalet har ingen tilsyn, utan at det er avtala.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

Val av organisasjonsform

Kommunal- og regionaldepartementet seier i Kontrollutvalsboke bl.a:

«Organisasjonsform bør veljast med utgangspunkt i kva oppgåver som skal utførast og føremålet kommunen har med selskapsetableringa. Val av organisasjonsform har også konsekvensar for korleis kommunen kan styre og gjennomføre kontroll og tilsyn med selskapa. Dette er viktige omsyn som kommunestyret må tenkje gjennom når dei tek stilling til korleis den kommunale verksemda skal organiserast. Dette er eit tema som også eigarskapsstrategien for kommunen bør omtale.

Kontrollutvalet skal fylgje med på sakene i kommunestyret knytte til etablering av selskap. Og sjå etter om kontroll - og tilsynskonsekvensane er vurderte.»

3. Formålet med selskapskontroll

Selskapskontroll er eit middel for å sjå til at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser fungerer tilfredsstillande i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med aktuelle lover og reglar.

Eigarskapskontroll

Formålet med eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøve kommunen sine eigarinteresser, utøve mynde slik det fastsett i den aktuelle verksemdlova, samt tek i vare kommunen sine interesser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Eigarskapskontroll avgrensar seg til ei vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande ramme for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet. Ei materiell vurdering av selskapet si organisering, drift og funksjon fell difor utanfor denne kontrollen.

Forvaltningsrevisjon

Ved behov kan det også gjennomførast forvaltningsrevisjon av selskap. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld.

Formålet med forvaltningsrevisjon vil vere å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Ein slik revisjon vil såleis ha fokus på sjølve aktiviteten og resultat i selskapet.

Undersøkingar

Undersøkingar kan også gjennomførast, og kan vere aktuelt dersom det viser seg behov for å sjå på eller sjekke opp i mindre eller spesielle tilhøve utan at ein treng å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, med ei formelle reglar som då fylgjer. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld også her.

4. Kommunen si oppfølging av selskap

Bystyret har i sak 14/08 «Eigarskapsstrategi for selskap Førde kommune eig eller er medeigar i» – vedteke eigarskapsstrategi for selskap Førde kommune eig eller er medeigar i

1. Førde kommune skal utøve ein aktivt eigarskap gjennom å formulerer klare forventningar/krav til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette vert gjort gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa gjennom representantane i dei operative eigarorgana, representantskap og generalforsamling, i samsvar med bystyret sine vedtak/føringar.

2. Utsendingane til dei operative eigarorgana, representantskap og generalforsamling, skal utøve kommunen sine interesser i selskapa. Denne utøvinga skal reflektere fleirtalet i Bystyret. Det vert etablert ei ordning der utsendingane drøftar eigarpolitikken med Bystyret når det er naudsynt og minst ein gong i valperioden. Dersom det kjem opp saker som hastar så mykje at dei ikkje kan vente til neste bystyremøte, kan dei drøftast med Formannskapet. Denne ordninga gjeld berre dei største selskapa Førde kommune er eigar i, jfr. rådmannen si saksutgreiing datert 06.03.08

3. Medlemmar av Bystyret i Førde kommune kan vere medlem i styre eller bedriftsforsamling i selskap der kommunen er eigar. Ved vurdering av om representantane er ugilde til å drøfte saker som vedkjem selskapet i Bystyret, skal Forvaltningslova sine reglar om habilitet leggest til grunn.

4. Førde kommune skal vere tilbakehalden til å gå inn som eigar i nye selskap. Dersom dette er aktuelt skal det vurderast opp mot følgjande kriteria:

- *Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.*
- *Engasjement i selskapa bør ha ein samfunns messig funksjon*
- *Kommunen kan organisere deler av den kommunale/interkommunale aktiviteten*

som selskap dersom dette er føremålstenleg og i samsvar med aktuelle strategiar.

5. I selskap med næringsdrift bør Førde kommune stille krav om avkastning på investert kapital (utbytte).

6. Bystyret kan be om eigarskapsmeldingar når ein meiner det er naudsynt

5. Gjennomføring og rapportering av kontrollen

Kontrollutvalet sitt engasjement i selskapskontroll vil då vere svært avhengig av korleis kommunestyresak 14/08 vert følgt opp.

Gjennomføring - retningslinjer

- Kontrollutvalet skal utføre selskapskontroller pålagde av kommunestyret (Gjeld både eigarskapskontroll, forvaltningsrevisjon og undersøkingar).
- Kontrollutvalet skal sjå til at Retningslinjer og rutinar for eigarskap og økonomiske engasjement verkar etter føresetnadane. Jf Bystyresak 028/11 «Eigarmelding 2011 – 2012.
- Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Det er særleg viktig i tilfelle der vedtekne retningslinjer og økonomiske engasjement ikkje vert følgt opp.
- Kontrollutvalet kan ut frå egne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
- Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemene og sekretariatet), kommunen sin revisor
- Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.
- Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningslinjer om spesielle tilhøve skulle tilseie det.

Rapportering

Rapporter etter gjennomført selskapskontroll skal sendast frå utførar til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har behandla rapporten skal den sendast til kommunestyret.

Kontrollutvalet rapporterer og om gjennomførte selskapskontrollar og resultatet av desse i si årsmelding.

Oppfølging

Kontrollutvalet kan om dei finn det nødvendig foreta etterkontroll av utførte selskapskontrollar, då etter same retningslinjene for gjennomføring som kjem fram framom.

5.3. OVERSIKT OVER IKS OG AS FØRDE KOMMUNE EIG ELLER ER MEDEIGAR I

5.3. Oversikt over verksemdar og selskap (IKS og AS) som Førde kommune er deltakar/medeigar i

Aksjeselskap:	Eigarandel i % :
Sunnfjord Energi AS	22,19 %
Førde Tomteselskap AS	100 %
Ankerløykken Eigedom AS	22,20 %
Rødekorsbygget AS	35 %
Firda Produkt AS	20,40 %
SunnLab AS	10 %
Sunnfjord Næringsutvikling AS	13,5 % (Førde Næringsutvikling eig 40 % av SNU)
Sogn og Fjordane Teater LL	7,5 %
Firda Billag AS	12,36 %
Enivest AS	0,36 %
Sentrum Sør AS	25,26 %
Førde Ølutsal AS	52 %
Kommunal Landspensjonskasse	(andel 5,8 mill. kr. pr. 31.12.2011)
Statens Pensjonskasse	
Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS	10,49 %
Sunnfjord Miljøverk IKS	40,13 %

Andre:

Sogn og Sunnfjord Interkommunale Legevaktssamarbeid IKS (SYS IKL IKS)
 SYS IKT IKS
 Kontrollutvalsssekretariatet, SEKOM-Sekretariat (15 kommunar)
 Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord, KRYSS Revisjon (11 kommunar)
 Samhandlingsreformen (12 kommunar)

Forøvrig vert det vist til Note i Årsrekneskapen pr. 31.12.2011 som viser kommunen sitt eigarskap og deltaking i interkommunale samarbeid m.v.



Førde kommune

Styre, råd og utval
Samfunn og utviklingskomite
Bystyret

Møtedato
09.06.2011
16.06.2011

Saksnr
014/11
028/11

Sakshandsamar:
Lise Mari Haugen

Arkiv:
FE-255, FA-

Arkivsaknr.:
11/901

Eigarmelding 2011 - 2012

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel
03.06.2011	Eigarmelding Førde kommune 2011 2012.doc

Dok.ID
54427

Saksutgreiing:

Dette er den første eigarmeldinga som vert lagt fram for Bystyret. Eigarmeldinga vert rullert annan kvart år, der neste gong vert 2013. Det er rådmannen som har ansvar for rullering av meldinga.

Del I av eigarmeldinga omhandlar i det vesentlege eigarstrategi der det kjem fram synspunkt og vurderingar av m.a. prinsipielle utfordringar, samfunnsansvar og etikk, korleis utøve kommunalt eigarskap samt regelverk knytt til habilitet – folkevalde i ulike rollar.

Del II av eigarmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommunen har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap. I tillegg er det utarbeidd ei oversikt over stiftingar der kommunen er medstiftar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bystyret sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, jf vedlegg 1.
2. Bystyret sluttar seg til omtalen og vurderingane av dei einskilde selskap og stiftingar i del II av eigarmeldinga, jf vedlegg 1.

Handsaming i Samfunn og utviklingskomite 09.06.2011:

Samrøystes tilråding

SUK-014/11 Vedtak:

1. Bystyret sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, jf vedlegg 1.
2. Bystyret sluttar seg til omtalen og vurderingane av dei einskilde selskap og stiftingar i del II av eigarmeldinga, jf vedlegg 1.

Handsaming i Bystyret 16.06.2011:

Samrøystes vedtak

BY-028/11 Vedtak:

1. Bystyret sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, jf vedlegg 1.
2. Bystyret sluttar seg til omtalen og vurderingane av dei einskilde selskap og stiftingar i del II av eigarmeldinga, jf vedlegg 1.

Førde, den 01.06.2011

Ole John Østenstad
Rådmann

Lise Mari Haugen
Ass. rådmann
Tlf. 57722004

036/12 OPPFØLGINGSLISTE 6-2012 FØRDE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 05.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Bystyret	16.10.2012	036/12 - -	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 6-2012 Førde.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 6-2012 Førde vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 6-2012 FØRDE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 05. oktober 2012.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 6-2012 - Førde.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Førde kommune

Saker som er avslutta vil ikkje come med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.11.09		10.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak 12.11.09 s/ brev til administrasjonen. -Informasjon frå administrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor. -Kvalitetsrapportar frå revisor.
023/11 Barnevernet i Førde – Fristbrot og manglande tilsyn og tiltaksplanar – orientering rådmann.	26.08.11		26.08.11 Kontrollutvalet tek orientering frå rådmann til vitande og saka vert sett opp på oppfølgingsliste for oppfølging hausten 2012
040/11 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt.	06.12.11		19.10.11 E-post til revisor og rådmann. 06.12.11 Vedtak KU – Utset saka.
041/11 Overordna analyse.	06.12.11		06.12.11 Vedtak KU -KU tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon KU ber om rullering av OA frå 2008. 15.12..11 s brev til KRYSS.
008/12 Eventuelt	30.01.12		30.01.12: Vedtak i KU – Kontrollutvalet ber om å få tilsendt referat frå møtet i investeringsprosjektgruppa. 30.01.12 E-post til Førde kommune «Vi ber om at kontrollutvalet som fast ordning får tisenst møteprotokollar for møte i investeringsprosjektkomiteen.» 02.08.12: Ikkje motteke protokoll – Sendet puring. 27.08.12: Motteke møteprotokollar frå Førde kommune.
012/12 Revisjonsrapport - "Søkjelys på indre kontrollrutinar i samband med fastsetting, avrekning og innkrevjing av eigenbetaling for pensjonærar i heildøgns omsorg og pleie – Førde kommune"	07.03.12		07.03.12: Vedtak i KU – 07.03.12: Sendt til bystyret. 12.06.12: Sendt puring
026/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	14.09.12		14.09.12 Vedtak i KU – Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.
027/12 Skriv og meldingar	14.09.12		14.09.12 Vedtak i KU – Skriv og meldingar vet teken tilvitande.
028/12 Overordna analyse Førde	14.09.12		<ul style="list-style-type: none"> - 14.09.12 Vedtak i KU - Det vert vist til dokumentet «Overordnaanalyse for Førde kommune» med vedlegg, datert 07.09.2012 og presentasjon av Overordna analyse av KRYSS- revisjon i møtet. - Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016. - Plan for forvaltningsrevisjon

037/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.10.2012	037/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.